

## **Tabell A-fk**

### **Utgiftsutjamning o.a. for fylkeskommunane 2020**

Tabellen viser utgiftsutjamninga for fylkeskommunane. Utjamninga er ei omfordeling mellom fylkeskommunar som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kolonnane 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kolonnane 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er nytta vidare i tabell 2-fk, kolonne 2.

Utgiftsutjamninga er berekna på grunnlag av innbyggjartalet per 1. juli 2019.

#### **Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov**

Utrekninga av indeksen for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell D-fk. Ein indeks på 1 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov likt med landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov som er høvesvis 10 prosent høgare og 10 prosent lågare enn landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell D-fk, kolonne 18.

#### **Kolonne 2 – Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar**

Utgiftsbehovet for 2020 er på landsbasis berekna til om lag 61,63 mrd. kroner. Dette utgjer 11 529 kroner per innbyggjar.

#### **Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kroner per innbyggjar**

I kolonne 3 er gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov på landsbasis (kolonne 2) multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 1) for kvar fylkeskommune og vist i kroner per innbyggjar.

#### **Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i fylkeskommunen**

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4 og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

#### **Kolonne 5 – Samla omfordeling for fylkeskommunen (1 000 kr)**

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5 og er rekna ut ved at omfordeling i kroner per innbyggjar (kolonne 4) blir multiplisert med innbyggjartalet i fylkeskommunen per 1. juli 2019 (tabell E-fk, kolonne 2).

#### **Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular**

Fylkeskommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. Sjå innleiingsteksten i Grønt hefte for ein nærmare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular. Elevtala som ligg til grunn er gjennomsnittet av elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2018 og 1. april 2019 (tal frå Kunnskapsdepartementet).

Elevtala ligg i tabell E-fk i kolonne 20–23.

Tabellen under viser trekksatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2020.

Treksatsane per elev for 2020:	
Vanleg undervisning	116 300
Gartner- og landbrukskular	142 600
Spesialskular	312 700
Opphald/innlosjering ved skulen	330 300

### **Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk**

Samla trekk for alle fylkeskommunar (landssum, kolonne 6) blir ført tilbake til den einskilde fylkeskommune etter fylkeskommunen sin del av utgiftsbehovet.

### **Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular**

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

### **Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning**

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordeling for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir nytta vidare i tabell 2-fk, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.